



### ARBEIDSPLAN FOR RYFYLKE VASSOMRÅDE 2019

(godkjent av Ryfylke vassområdeutval 24.04.19)

Det overordna målet er å oppnå miljømåla om god økologisk tilstand og godt økologisk potensial for vassførekomstane i Ryfylke. Dette krevje aktiv samordning av tiltak og verkemiddel mellom alle aktuelle sektorar og myndigheiter.

#### Mål

1. Heilskapleg forvaltning av vassressursane i tråd med vassforskrifta
2. Styrke kunnskapsgrunnlaget ved å gjennomføre miljøundersøkingar
3. Følge opp regionalt tiltaksprogram ved å gjennomføre miljøtiltak for å nå fastsette miljømål
4. Jobbe for god medverking, opplysning og engasjement i vassforvaltninga

Aktivitetsmål		Ansvar - Frist
Auka kunnskapsgrunnlaget	Tilstandsundersøking i Nordelva fortsetter	Vasskoordinator Sauda k. 31.12.19
	Prosjekt kartfesting av sjøaurebekkar. Fellesprosjekt for Rogaland. Samarbeid med bl a NJFF. Eigen styringsgruppe.	Vasskoordinator Arbeidsgruppa 31.12.19
	Som del av sjøaureprosjektet ønskjer ein i 2019 å få gjennomført ei fagleg tiltaksretta undersøking av gode potensielle sjøaurebekkar i Suldal og Sauda. Det må søkast om finansiering.	Vasskoordinator Suldal og Sauda k.
	NINA har på vegne av Ryfylke vassområde søkt om midlar til å undersøke for elvemusling i Leirangbekken i Forsand (ikkje Lerangsbekken). Bakgrunnen er at Cowi fann eit juvenilt individ her i 2017 når dei undersøkte bekken for botndyr og påvekstalger på oppdrag av vassområde.	Vasskoordinator
	Det er ønskeleg å få tilstandsundersøkt vassførekomst på Idsal i Strand.	Vasskoordinator Strand k.
	Oppfølging av utgreiingsprogrammet i forhold til Røldal-Suldal.	Vasskoordinator Odda og Suldal k. - 31.12.2019
Informasjon og medverknad	Fortsette å orientere/presentere arbeidet i Ryfylke vassområde i relevante politiske utval i dei mest sentrale kommunane	Vasskoordinator - 01.05.19
	Oppdatere Ryfylke sitt område på vannportalen.no	Vasskoordinator - Kontinuerleg
	Gi informasjon om vassforvaltningsarbeidet på kommunane sine nettsider og lenke til vann-nett og vannportalen.	Vasskoordinator m/Arbeidsgruppa - 01.05.19

	Gjere vassarbeidet kjent og gi rom for medverknad frå rettighetshaverar, allmenne og private interesser	Kommunane Vasskoordinator - Kontinuerleg
	Gjennomføre møter i arbeidsgruppa (3-5) og vassområdeutval (2)	Vasskoordinator Leiar vassomr.utv.
Oppfølging og rapportering	Bidra til at alle tiltak (med unntak av der det er gjeve utsetting) oppført i regionalt tiltaksprogram blir operative.	Kommunane Vasskoordinator - Kontinuerleg
	Følgje opp vassforvaltingsarbeidet i eigen kommune og sikre politisk forankring for arbeidet i vassområdet. Vurdere å fremme politisk sak for løfte vassarbeidet. Regionalplan for vassforvaltning, inkludert planprogram, bør vere sak til politisk behandling i kommunane, ikkje berre ei meldingssak	Representantar frå arbeidsgruppa - Kontinuerleg
	Aktivt bruke SMIL-ordninga som ein viktig kjelde til tiltak etter vassforskrifta. Viktig å prioritere er bl a avrenning frå veksthus (Finnøy/Rennesøy), hydrotekniske anlegg og utbetring/tak på eksisterande gjødsellager.	Kommunane
	Involvere kommunalt tilsette innan plan, landbruk og avløp tettare i arbeidet med vassforskrifta.	Arbeidsgruppa
	Medverke til utarbeiding av revisjonskrav for Røldal-Suldal	Vasskoordinator Odda og Suldal k.
	Kommune rapporterer tiltaksgjennomføring til vasskoordinator som legg dette inn i vann-nett	Vasskoordinator Arbeidsgruppa - Kontinuerleg
	Følgje opp bestillingar frå vassregionmyndigheit, t.d. innspel/bidrag til hovudutfordringar for vassregionen, planprogram og rullering av plan.	Vasskoordinator Arbeidsgruppa Vassområdeutvalet - Kontinuerleg